

Kaupanger/Breim 19.11.2012

NVE-Konsesjonsavdelinga

5091 Majorstua-Oslo

v/Jan Sørensen

Ang. Breim Kraft AS **alternativ C Storelva i Breim** (Breimselva)

Viser til utsegna av 12.8.2011 der det går fram at eg ikkje er imot bygging av eit småkraftverk til i Breimselva (Storelva i Breim) med det atterhald at det gjeld eit *småkraftverk av rimeleg storleik, slik som til dømes det nyleg bygde ved Teita bru, og plassert nær der gamle Flølo- kraftverket stod.*

Derimot er eg sterkt imot dei planane som ligg føre i dag og det gjeld også **alternativ C.**

Alternativ C kan kanskje bli litt mindre til ulempe for min eigen del som nær hyttenabo til inntaket, men mi førre fråsegn gjeld, og eg vil nytte dette høvet til uttale med å grunngje mitt standpunktet meir utfyllande.

Med utgangspunkt i Naturmangfaldlova sitt formål, som i §1 påbyr;

at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden,

blir min viktigaste grunn for å gå imot store inngrep i Breim-elva dei allmenne omsyn, nemleg at å ta vatnet frå så lange strekkjer, som alle alternativa, også alternativ C inneber, ikkje kan forsvare ut frå trivsel, miljø- og naturomsyn.

Mht. uttrykket *bærekraftig*, og det som etter lova §1 gjeld og *menneskenes virksomhet nå og i fremtiden* så viser eg, for det som gjeld fallrettshavarane, den tenkte pengestraumen og samfunnsøkonomien sin del, til vedlegget: *Hvordan tjene penger på vann* (Trude Malthé Thomassen) som eit av fleire eksempel på usikre framtidsutsikter mht. el. kraftutbygging.

For det som går under punkta §1 *kultur, helse og trivsel*, sett under eitt, så viser eg for det første igjen til Storelva sin verdi og sitt potensiale for sportsfiske, slik som gjort i førre utsegn.

Frå gammalt av har, etter det eg kjenner til, heile denne nedre delen av Breimselva, mellom Lunde og til elveosen og Seimslandet alltid vore attraktiv

for aurefiske. Eg nemnde Ola Bøe, no busett på Stord, og eigar av garden i Bø der han vaks opp, som ein av mange som kan fortelje at Storelva har vore ei god fiskeelv og at det blei teke *storaure* både på vest- og austsida av fisketrappa ved Flølofossen.

Farfar hans, Olai Bøe, tok *storaure* så langt aust som ved Lunde, nær inntaket som no er planlagt. Dei største tok han i ”inste dammen”, det vil seie aust om fisketrappa motstrøms, i tillaups- enden til demninga for det gamle og no sletta kraftverket ved Flølofossen.

Den største auren Ola veit om som er teken i elva var 11 kg. Den tok far hans på fluge eit stykke vest om fisketrappa ved Flølofossen.

Sjølv fortel Ola, at han ei ettermiddagsstund på strekkja Flølofossen - Lunde/Stokke tok 30 fine *aurar* med makk som agn.

Det som gjeld *storauren* skjedde rett nok ti-år attende i tid, men også pr i dag er det fin aure å få, og det må vere rimeleg å rekne med at det med litt kultivering og tilrettelegging igjen kan takast *storaure* i Storelva.

Eit stort hinder for fisket er likevel vanskeleg tilkomst til dei gode hølane, blant anna på grunn av tett skog og kratt på enkelte strekkjer.

Med litt betre reinsing av tilsig bl.a. frå landbruket, kultivering og tilrettelegging av tilkomst til hølane, vil denne elva ha stort framtidig potensiale for sportsfiske både for lokalbefolkninga og som turistattraksjon, også for det som gjeld *storaure*.

Strekninga som gjeld for Breim kraft as sine planer, er dertil attraktiv og har eit stort, enno unytta potensiale mht. forskjellig slags avkopling, sport og rekreasjon, med mest nærliggande eksempel som rafting, padling, og elles tilrettelegging av turløyper og turstiar.

Dei mangfaldige små og store vassdraga med sine fossar, sideelvar og innsjøar høyrer til identiteten vår her på Vestlandet, og det gjeld også forholdet mellom Storelva i Breim og folket som bur her.

Storelva pregar landskapet i Breim på ein særskild måte, ettersom ho er synleg for største delen av befolkninga i hovudbygda, der ho renn gjennom heile dalbotnen; og dette trass i at lange strekkjer av elvebreidda nå er blitt tilgrodd med kratt og lauvskog.

Men folk i Breim gler seg ikkje berre over synet av Storelva. Også lyden av elva høyrer med til bildet av Breim-landskapet. Begge deler høyrer med til bygda sin identitet og bidreg til miljøet og trivselen for dei som bur der.

Naturen på Vestlandet har alt blødd svært mykje til bate for andre delar av landet. Dette gjeld i særleg stor grad for Sogn og Fjordane og kanskje mest, i alle fall ikkje minst, for Gloppen og Breim sin del, med sine tjuetals kraftverk til nå. Vi har alt mista for mange fossar og stryk som det er.

Skal nokon likevel ta seg til rette og rasere den flotte og unike naturen vår, så må det etter mi meining vere eit minstekrav, at natur og miljø i størst mogleg grad blir spart og teken vare *på der folk bur og held til*.

Dette minstekravet samsvarar ikkje, slik eg ser det, med planane til Breim kraft as, og ei eventuell nedbygging av denne delen av Breimselva vil, slik eg ser det, innebere eit stort tap både for lokalbefolkninga, for distriktet i større samanheng og dessutan i turismesamanheng.

Om Naturmangfaldlova sitt formål seier §1 vidare at dei økologiske prosessane skal takast vare på ved berekraftig bruk og vern. Dette inneber å ta vare på leveforholda for dyr og plantar med omsyn til omgjevnader og formeiringsmulegheiter. Det gjeld med andre ord i denne samanheng å *oppretthalde Storelva i Breim som ei levande elv*.

Det er visst nok utarbeidd ein rapport, tinga av utbyggerane og som blant anna skal vise dagens leveforhold og formeiringsmulegheiter for fisk i Storelva. Eg kjenner lite til denne rapporten, men når det gjeld tilhøva for storauren, som ifølgje kraftutbyggerane visst nok skal vere umulege, kjenner ein Storelva si historie, og for eigen del tek eg som sannsynleg, at med pleie, kultivering og berekraftig bruk og vern, slik som etter §1 i Naturmangfaldlova vil storauren innan rimeleg tid vere tilbake.

Eg oppfattar det vidare slik at søkjar lovar gode tilhøve for sportsfiske også etter ei eventuell utbygging. Og at det ved hjelp av bygging av så kalla terrassar i elva, endå til skal bli svært godt fiske.

Det skal vist nok finnast litteratur som viser erfaringar med slike tiltak, men for eigen del må eg halde meg til opplysningar frå erfarne personar innan miljø- og naturvern.

Frå desse hald blir det hevda at slike terrassar etter forholdsvis kort tid vil bli sedimenterte av elveslam. Dette vil utgjere eit lokk på elvegrunnen og drepe det meste av småkrypene som fisken lever av og øydelegge gyteforholda, også for storaure.

Eit anna forhold er at den minska vassføringa, etter evt. kraftutbygging, vil innebere kraftig auke mht. ureining av den vasstraumen som blir att i elva. Ureina tilsig frå landbruk og anna verksemd har alt lenge vore ei stor belastning for livet i Storelva, enda til med den vassføringa som har vore til no.

Slik eg ser det, er det difor fare for at denne ureininga åleine kan øydelegge for mykje av livet i elva med vassføringa som er søkt om inklusive alternativ C.

Til slutt må nemnast vanskanene med å oppretthalde minstevassføringa, slik ein høyrer kraftutbyggerane ofte får, etter at kraftproduksjonen er starta.

Konklusjonen er, slik eg ser det, at søkjar sine forslag til vassføring er alt for låge til ei så stor og ”pulserande” elv som Storelva. Dette er svært bekymringsfullt med tanke på at vi skal ha ei levande elv også i framtida. NVE må difor setje eit nytt, godt grunngjeve krav til minstevassføring, som sikrar at fisken i elva ikkje tek skade. Dette må også omfatte storaure.

Dagmund Moldestad
6854 Kaupanger
Tel. 99705570

.